


mappe 1 - over Vestlandet 1768



NOBIS SIGNATURE SPALMINE  
ROMSDALS AMT 12

Kart over Vøy prestegjeld i Romsdal fogderi frå 1768, teikna av Johan Christian Richelieu.  
Kjelde: Kartverket.

# Fjordnamna

## Innleiing

Då første menneska våre kom til landet, var det viktig for dei å orientere seg langs kysten. Difor gjeld eldste namna våre øyar, fjordar, fjell og elvar. Det ser ein særleg av at ein ofte må leite langt tilbake i språkhistoria vår for å finne forklaringsar på namna som gjeld slike landskapsfenomen. Det vil seie at ein ofte ikkje finn att orda som er brukt i namna, i gammalnorsk eller yngre mål, men at ein må til urnordisk, urgermansk eller endåtil til indoeuropeisk, dvs. til beslekta språk lenger unna.

Når me her skal sjå på fjordnamna i Romsdal, blir det ofte ei historisk reis med store tidssprang, for det er ikkje alle namn som går tilbake til ei urtid. Me må ofte prøve å sette oss inn i ei gammal tankeverd der folket orienterte seg annleis enn i dag. Når me orienterer oss på kartet, ser me i dag ofte etter raskaste bilvegane fram til ein stad. På 1800-talet, alt før bilane kom, blei vegsystemet sterkt utbygd, for hest og kjerre var òg effektive transportmiddel når ein hadde brukande vegar. Men før den tida var det fjorden og kysten som batt folket lettast saman, for båtane kunne ta seg fram der det ikkje var investert pengar og arbeid i eit vegstell.

Ordet *fjord* er laga på verbet *fare*, og motivet bak substantivet var nok at ein her kunne komme seg lett over. Det kan slik samanliknast med eit *vad*, som er staden der ein kan *vade* over. Parallellen blir tydeleg ved at det engelske ordet *ford* og det tyske *Furt* – som òg kjem av 'fare' – nettopp betyr vadestad, jf. namn som Oxford og Frankfurt.


Kva er ein fjord? *Norsk Ordbok* gjev oss denne definisjonen: «arm av havet (ofte lang og smal og med forgreiningar) som skjer seg inn i landet; havstykke mellom øy (øygruppe) og fastland». Dette reint geografiske perspektivet kan koplast til det nemnte menneskelege behovet for å 'fare over'. Er det ikkje to strender som ligg mot kvarandre på noko vis, er det neppe ein fjord.

Når interessa ligg meir på fjordsystemet og sjøvegen enn på vegsystemet til lands, betraktar ein nok geografien annleis. Hans Peter Schnitler beskreib Romsdal slik i 1768 i innleiinga til *Beskrivelse over Romsdals Fogderie 1768 og 1789*:

«Imellem disse Øer indløber Havet, og særdeles udi tvende Strækninger, den ene fra Nordvest og kaldes luul-Sundet, den anden fra Wester og bliver kaldet Furre-Fjorden; Disse 2de indløbe fra Havet, Formerer den indvortes Skikkelse af Fogderiet, som bestaaer udi efterfølgende Fjorder: Fræn-fjorden ...; Fanne-fjorden ...; Lang-fjorden ...; Af disse Hoved-Fjorder Formerer sig mange andre smaae, som siden skal blive anmærket.”<sup>1</sup>

Her er det altså fjordane sjølve beingrinda i fogderiet.

Dei fleste fjordane me kjem borti i fogderiet vårt, går nok etter første delen av definisjonen i *Norsk ordbok* i forrige avsnittet: at fjordane skjer seg inn i lan-



Kart over Romsdal fogderi frå 1704, teikna av Ulrik Fredrik Aagaard (truleg kopi etter Melchior Ramus). Kjelde: Kartverket.



det, og at dei er lange, i alle fall lengre enn dei er breie. Den andre betydninga om havstykke mellom øy og fastland stemmer for Julsundet, som ikkje skjer seg inn i landet, men er langt. Harøyfjorden ligg heller ikkje inn mot fastlandet, men derimot mellom øyar; og ikkje er han så smal heller. Han kan helst kallast eit havstykke mellom øyane Harøyna, Finnøyna, Orta, Gosså, Otrøyna, Midøyna, Dryna og Fjørtofta. Begrepet fjord er altså ikkje så trøngt definert, men det inneheld i alle fall ei avgrensing til land på minst to kantar, og det er smalare enn det me kallar ei bukt.

Me har òg ein fjord som har så trøngt innløp at han kunna vore kalla poll: Rødvenfjorden. Her tøyer me fjord-definisjonen noko. Og endeleg omfattar variasjonen i ordbruken at det ikkje alltid er klårt kvar grensa for ein fjord går. Lange fjordar kan ha fleire namn på vegen frå fjordbotnen til storhavet. Reiser ein frå Isfjorden, kjem ein over i Romsdalsfjorden ein eller annen stad ved Åndalsnes, og ute ved Sekken går ein over i Storfjorden/Forfjorden, som igjen fører over i Midfjorden; og om denne fjorden endar i Haramsfjorden eller Harøyfjorden, er kanskje òg uavklart. Inn i dette bildet må me ta med at heile fjordbassenget gjerne blir kalla Romsdalsfjorden, slik at det fjordnamnet blir tvetydig. Slik vagheit er ein del av eit levande språk; presisjonen tilpassar me situasjonen som me snakkar eller skriv i.

Dessutan er det to gardsnamn som inneheld leddet fjord utan at det er ein tilhøyrande fjord med det namnet nær ved – ikkje i dag i alle fall. Det er Mesfjorden ved Flatevågen og Riksfjorden ved Nærbøvågen på Gosså.

I dei samansette namna der det kom ein s framom *-fjord*, har det i tradisjonell romsdalsk ført til at f-en har falle vekk, og ein stod att med den vanlege sj-uttalen, som me lydskriv š, f.eks. i <sup>2</sup>*Rekkšor'n* for Riksfjorden og <sup>2</sup>*Træššor'n* for Tresfjorden. Den uttalen er det nok lite att av i dag, og f-en har komme inn att. Den gamle uttalen kjem vel oftast når me hermar etter dei gamle. (Lydskrifta står forklart til slutt i artikkelen.)

Fjordane i Romsdal er nokså mange, og dei fleste munnar ut i det store fellesbassenget som fogderiet ligg kring. Det bassenget munnar så ut både i havet i vest og gjennom Julsundet og ut i Hustadvika i nordvest. Det meste av vatnet frå fjordbassenget går den siste vegen, for der er det djupast og færrast tersklar.

## To namnelagingsmåtar

Det er to måtar å lage namn på: a) usamansette, og b) samansette. *Frænen* og *Fannen* har vore usamansette namn opp til vår tid, og *Rødvenfjorden* har nok vore det tidlegare, slik ein kan forstå historiske kjelder. Eit vanleg mønster er at usamansette namn blir utkonkurrert av dei kartfesta samansette namneformene med *-fjord*-ledd: *Frænfjorden* og *Fannefjorden*. Det er tydeleg at dei usamansette namna representerer eldste namnelagingsmåten. Me kan òg ta med at namna var i ubestemt form opp i seinmiddelalderen; men dei har så kring og etter 1500 gått over til å vere i bestemt form, jf. «Eygnafynde» på 1430-talet, som me kjem tilbake til nedafor, og som heiter *Innfjorden* i dag.

I opphavleg samansette fjordnamn viser førsteleddet til noko anna enn fjorden; i fagspråket blir det kalla relasjonsnamn: Tresfjorden, Tomrefjorden, Harøyfjorden, Veøyfjorden, Kalsøyfjorden, Moldefjorden og Malmefjorden. Dei fleste av desse namna fortel at det er fjorden som går forbi eller ligg ved staden som er nemnt i førsteleddet, altså fjorden ved gardane Tområ og Malme og forbi Harøyna, Kalsøyna<sup>2</sup> og Molde. Tresfjorden har namnet etter elva Tresså, uttalt <sup>2</sup>*Træsså*, som renn ut i fjordbotnen, og *Isfjorden* etter Isa, som renn ned i fjordbotnen der. I desse tilfella er det ikkje noko spesielt å forklare anna enn gards- eller øynamnet, og dermed går ikkje dei vidare i denne artikkelen om fjordnamn.

I nokre samansette fjordnamn viser førsteleddet ikkje til noko anna, men til ein eigenskap ved fjorden som i *Langfjorden* og *Storfjorden*. Her er det tale om at adjektivet som utgjer førsteleddet, beskriv fjorden: *stor* og *lang*. At det dreiar seg om ein fjord, ser ein av etterleddet. I eit namn som *Grunnefjorden* er førsteleddet er eit substantiv og viser til at det er fleire grunnar i fjorden. Det viser ikkje til ein bestemt grunne, som eit relasjonsnamn må gjere. (Viss det var adjektivet *grunn* som var førsteleddet, skulle det nok heitt Grunnfjorden).

Så har me nokre samansetningar der førsteleddet ikkje gjev meining i seg sjølv, f.eks. *Innfjorden*, *Julsundet* og *Eresfjorden*. Førsteledda treng her ei etymologisk avklaring, skal me forstå kva dei betyr. I desse tilfella er det nokså sannsynleg at fjordnamnet i utgangspunktet nettopp var dette førsteleddet, men at etterleddet *-fjord* er blitt hekta på seinare, slik som tilfellet er med *Frænen* og *Fannen*. Den opphavlege forma er så gått i gløymeboka. Det skal me drøfte nedafor. Historisk sett kan denne gruppa altså ha tilhøyrt gruppe a), og dei skal derfor drøftast nedafor.

## Namna

Her skal me sjå på dei enkelte fjordnamna som ikkje er relasjonsnamn. Me begynner med greinene i det store romsdalske fjordsystemet.

### Fannen/Fannefjorden

No er det den samansette forma som dominerer, men fram til vår tid har namnet òg vore brukt usamansett: *Fannen* uttalt <sup>2</sup>*Fannjinj*.<sup>3</sup> Den opphavlege usamansette forma går att i samansetningar som Fannstranda, Fannbostad,<sup>4</sup> og Osvatnet blei i middelalderen kalla Fannevatn.<sup>5</sup> Aslak Bolt-jordeboka nemner òg «Fanaskoghe» (i dativ), som kan vere Osmarka. Desse samansetningane er relasjonsnamn, og eit par av dei forutset at *Fannen* òg blei brukt om landskapet rundt fjorden, dvs. parallelt til *Frænen*, som me ser på nedafor.

Kåre Magne Holsbøvåg drøftar kor langt vestover Fannefjorden går,<sup>6</sup> for slikt er typisk nok uklårt. Han kjem til at denne fjorden går frå Fannbostad og austover, og dermed er fjorden tre mil lang. Han nemner òg at samansetningane med *Fann*-har vore utan bindevokalen *-e*.

Tolkinga i storverket *Norske Gaardnavne*, bd. XIII for Romsdals amt, er henta frå Sophus Bugge og er svært rimeleg: Fjordnamnet var opphavleg *\*Farni*, og som

fjordnamn var det òg eit hankjønnsord. \* (Stjerne framom namnet betyr at det ikkje er belagt i noko kjelde, men er rekonstruert på fagleg grunnlag.) Når *rn* går til *nnj* i romsdalsk, blir namnet lydrett til <sup>2</sup>*Fannjinj* (jf. *korn*, som heiter *kånnj*).<sup>7</sup> Ved overgangen til moderne norsk har dei aller fleste namna blitt sett i bestemt form, og difor står endinga *-inj* her. (Dativforma blir <sup>2</sup>*Fannjå*, heilt parallelt til <sup>2</sup>*Freninj* – <sup>2</sup>*Frenå*.)

Denne ordstammen *\*farni* må vere avleidd av eit *\*Førn*, meiner Rygh, for slik må ei hokjønnsform sjå ut, og Rygh pressar her teorien sin om at elvanamn er opphav til fjordnamn, svært langt. Begge namna skal så ha sin bakgrunn i ordrota *far*, som me har i verba *fare* og *ferje*. I *Førn* er ordrota utvida med eit *n*-suffiks, ein type ending som blei mykje brukt i urnordisk og urgermansk. Tanken er altså at dette er fjorden eller elva ein ferjar over. Alt dette stemmer perfekt inn i reglane for språkutvikling, og innhaldet med 'å ferje' og 'å fare' er relevant. Difor er tolkinga hans Bugge den beste me har.

Fannefjorden går utafør Fannbostad over i Moldefjorden, som før var del av Storfjorden. Fannen kallar amtmann Tønder i Romsdals-rapporten sin frå 1743 for «Osensfiord».


#### \*Øyrir/Eresfjorden

Denne fjorden, i dag uttalt <sup>2</sup>*Eresfjor'n*, dukkar ofte opp i eldre kjelder, og namnet har tydeleg hatt forma *Øyrisfjorðr* på klassisk gammalnorsk.<sup>8</sup> I kjeldene finn ein skrivemåtar som «Øyrisfierdar attongr» (1358)<sup>9</sup>, «i Øyrisfyrdi» (1362)<sup>10</sup>, «i Øyrisfjerda attonge» (1375)<sup>11</sup>, «i Øyrisfyrd» (1494)<sup>12</sup>, «Ørisfiord» og «Eriksffiorhdh» (ca. 1430)<sup>13</sup>, «Øresfiorden» (ca. 1430)<sup>14</sup>, «Erikxfiordz attung» (1494)<sup>15</sup>, «Ørisfiorden» (ca. 1530)<sup>16</sup>, «Erikzffiorhdh» (1521)<sup>17</sup>, «Ørsfyord» og «Ersfyord» (1610) og «Eriksfiord» (1633).

Eldste belegga viser svært sikkert at den klassiske gammalnorske forma har vore *Øyrisfjorðr*, og førsteleddet *Øyris-* står i genitiv og går på eit namn *Øyrir* i nominativ. *Øy* er blitt til ved *i*-omlyd av *au*.<sup>18</sup> Ordstammen *øyr* er altså avleidd frå ordet aur 'grus'. *Øyrir* kunne godt vore eit opphavleg usamansett fjordnamn lenger tilbake i historia, og det held Rygh på ut frå mønsteret av at eldste namna er usamansette.

Her er det interessant at vatnet som renn ut i Eresfjorden, kjem lengst oppe frå Aursjøen og renn i elva *Aurå* ned i Eikesdalsvatnet. *Aurå* er eit svakt hokjønnsord og har dativforma *Auren*.<sup>19</sup> Frå Eikesdalsvatnet og ned til fjorden har elva namnet *Eira*, som må ha hatt den eldre namneform *Øyra*. Det er eit sterkt hokjønnsord og har i dag uttalen <sup>1</sup>*Eira*. Det manglar dativform, som er eit svært sterkt teikn på at namnet kjem av samansetninga *Øyr-á*, dvs. 'Øyr-elva'. Både elvanamnet og fjordnamnet med *øy* har følgt den vanlege lydovergangen i dette området som avrundar *øy* til *ei*,<sup>20</sup> altså <sup>1</sup>*Eira*, likeins som når *høy* fekk uttalen *hei*. Dette namnet betyr eigentleg ikkje noko anna enn *Aurå* – utover at det har tillegget 'elv'. Ein har berre laga ei alternativ namneform med *i*-omlyd av *aur*.

I fjordnamnet skulla ein venta ein uttale med open *ε* som første vokal et-



Kart over dei indre delane av Langfjorden, Eresfjorden og Eikesdalsvatnet, teikna av Johan Christian Richelieu i 1764. Kjelde: Kartverket.

tersom den òg er oppstått av diftongen *ei*, altså: <sup>2</sup>*Eresfjor'n*, men av ein eller annen grunn er vokalen endra til trongare uttale. At det har vore diftong i si tid, er tvillaust, for dei eldste kjeldene er samstemte og pålitelege språkleg sett. Viss dialekten på eit tidspunkt har hatt etterleddstrykk (dvs. på *-fjord*), kunne dét kanskje ha vore ei forklaring; men eit slikt trykkmønster er ikkje dokumentert. Dei to forkorta formene frå 1610 med «Ørs-» og «Ers-» kan friste ein til å gjette på at namnet ei tid hadde nettopp ei samandregen form, og så har det på eit tidspunkt etter dette komme opp ein rekonstruert uttale som gjenskapte ei andrestaving med *-es-* og samtidig ein mistolka førstevokal. Men her kjem me berre over i speulasjonane. Namnet i middelalderen er i alle fall sikkert, og me går vidare med det.

Dermed ser me at ordet aur følgjer vatnet frå øvst til nedst i vassdraget, dvs. med unnataket Eikesdalsvatnet. Ein slik ein namnesamheng langs eit vassdrag er ikkje eineståande. Den tyske språkforskaren Hans Kuhn (1899–1988) har vore oppteken av dette mønsteret i hydronymien (altså 'vassnamna'). Den gamle samanhengen ser me her i formene *Aursjøen*, *Aurå*, \**Øyra/Eira* og \**Øyir/Eresfjorden*.

#### Refund/Rødvenfjorden

Dette fjordnamnet har ei uklår historie. Fjordnamnet har lydd <sup>2</sup>*Rævenfjor'n* til inn på 1900-talet. Det var vide brukt, for dit for òg fiskarane frå ytre distrikt for å prø-



ve seg etter silda. Uttalen svarar godt til skrivemåtane som er registrert i *Norske Gaardnavne* heilt frå 1521: «Reffwenffjord» (1521)<sup>21</sup>, «Røwinfiord» (ca. 1530)<sup>22</sup>, «Reffen» (1521)<sup>23</sup>, «Reuend» (1531)<sup>24</sup>, «Reffuen» (1633), «Rewen» (1669) og «Ræven» (1723). Melkior-kartet frå 1704 har forma «Revenfiord», som ein ser på illustrasjonen lenger framme. Her ser me at forskjellen går mest på korleis ein skriv konsonanten mellom dei to e-ane. Det kjem av svært skiftande mønster i dansk for korleis ein skulle skrive v-lyden. Denne i-en for e i ca. 1530 er ein skrivi-praksis som var mykje brukt i dansk på 1500-talet.

Førsteleddet har truleg vore Reven uttalt <sup>2</sup>Ræven etter 1500. Eksempla her tyder på at former med og utan *-fjord* kan ha funnest parallelt i lang tid. Vokalen *ø* i første stavinga eine gongen skal ikkje overraske, for det er ikkje langt unna det romsdalske området som har uttalen *røv* for 'rev'. Om det ordet ligg til grunn her, kan me ikkje seie, men det lydlege poenget er at *e* framom *r* blir lett til *ø* mangstad.

I Aslak Bolt-jordeboka har namnet den samansette forma «Reffwndefjord». Her ser me avspegla ein eldre uttale: <sup>2</sup>Rævun med *u* i andre stavinga. Den forma tyder på ei gammalnorsk form *Refund*, der den trykkunge *e*-en i gammalnorsk heilt i tråd med dialektendringane i romsdalsk blir til *æ*, og *-und* er eit etterledd som finst i ein god del gamle fjordnamn ifølgje NG: *Hjørund* (jf. Hjørundfjorden) og *Olund* (Ølen). Ei klassisk gammalnorsk form må ha vore *Refund* og/eller *Refundarfjorðr*. At *nd* blir til *n*, og at trykklett *u* blir til *e*, er velkjente lydovergangar i romsdalsk, og desse endringane kan ha skjedd nettopp på 1400-talet.

Førsteleddet *ref* på gammalnorsk, mest uttalt *ræv* på moderne romsdalsk, er dermed det som står att og treng forklaring. Å kople namnet til dyrenemninga *rev* gjev ikkje utan vidare meining. Verken Rygh eller *Norsk stadnamnleksikon* har komme med forslag til forklaring på dette, og eg vil la det stå ope.

Gardsnamnet som offisielt er skrivi Rødven, er uttalt <sup>2</sup>røyvå i nemneform og <sup>2</sup>røyven i dativ. Bøyingformene viser at dette er eit svakt hokjønnsord og burde ha vore normert til *Røyva*, eller aller helst *Røyvå* viss Kartverket villa godteke meir dialektnær skrivemåte. Dette gardsnamnet må ha eit anna opphav enn fjordnamnet. I DN IV, 805 frå 1531 er det skrivi «Ryffwe i Rewung attung», noko som viser at gardsnamnet då står i ubestemt form, altså *Røyve*. Oluf Rygh har eit forslag i NG XIII om at det kjem av eit elvanamn laga på substantivet *rauf* (gno. *rauf*), som opphavleg betyr 'hol'. Det skal høve ettersom elva der «gaar ud gjennom en dyb, trang Kløft»<sup>25</sup>. Eit svakt hokjønnsord laga på *rauf* må få *i*-omlyd og bli til ei *røyve*, slik at språkleg er ei slikt historisk utvikling heilt «etter oppskrifta».

Slik er det tilfeldig at to litt like namn gjeld stadar så nær kvarandre, og det har tydeleg skapt litt forvirring når ein skulle gje fjordnamnet ei offisiell skriftleg form.

### Langfjorden

Namnet er ein god karakteristikk på fjorden. Men kva kan han ha heitt i den tida ein ikkje brukte etterleddet *-fjord*? Noko med 'lang'? Det veit me ikkje, men det er interessant at *Norsk stadnamnleksikon* finn grunn til å dra fram ein tanke frå Oluf Rygh om at fjordnamnet kan ha vore \*Titi, og at det går att i gardsnamnet

Mittet uttalt <sup>2</sup>*mettet*, som er belagt sirka 1430 i «af Mittita», som kan komme av eit eldre \**Miðtiti*, altså midtvegs i fjorden \**Titi*.<sup>26</sup> I så fall er tanken at det òg kunne koplast til namnet Tiltereidet, som går mellom Langfjorden og Sunndalsfjorden, og som kan komme av eit elvanamn avleidd av fjordnamnet. Men eit slikt fjordnamn \**Titi* er det ingen som har funne betydning til. Her er opplagt eit spor å leite langs, men lenger kjem verken me eller leksikonet.

### Innfjorden

Neste fjord startar med *Isfjorden*, som er eit relasjonsnamn, og derfor ikkje treng forklaring som fjordnamn, berre som elvanamn, altså *Isa*.

Lenger ute finn me *Innfjorden*, uttalt <sup>2</sup>*Innjfor'n*, og me finn namnet første gongen i jordeboka Aslak Bolt fekk sett opp på 1430-talet. Der står det at garden Vik ligg «j Eygnafyrde», og rett etter at garden Bø ligg «j Ignafiorde»,<sup>27</sup> dvs. at begge tilfella er her i dativ. Det kan verke som siste skrivemåten er yngre pga. at leddet *-fjord* har fått ny utjamna dativform i staden for den stammevekslinga ein hadde i gammalnorsk pga. at *fjorðr* i nominativ heiter *firði/fyrde* i dativ. Dét kunna vore eit argument for at forma Eygna- er mest opphavleg. Oluf Rygh (Rygh 1896: 55) meiner derimot det opphavlege namnet må ha vore *Igni*, som var laga på eit opphavleg namn på elva, nemleg *Ign*, som renn ut i fjordbotnen (i dag Innfjordselva). Seinare er fjordnamnet *Igni* tillagt leddet *-fjord*, og den klassiske gammalnorske forma må dermed bli *Ignafjorðr*. Det er typisk for Rygh å rekne prinsipielt elvanamn som utgangspunkt for andre namn. Men verken Rygg eller andre har forslått ei betydning for dette tenkte namnet. Difor bør ein vere open for at *Eygni* kan òg ha vore den opphavlege forma.

Forslaget frå Rygh kan ikkje vise til nokon parallelle overgangar frå *Eygn-/Ign-til Innj-* i romsdalsk. Konsonantane *-gn-* brukar å bli til *ɲn* i dialekten vår, slik som i *augnebrún* til <sup>2</sup>*åɲne,bryn* 'augebryn'. Det næraste ein kan komme ei tilsvarande endring, er når mannsnamnet Engelbrekt blir til <sup>2</sup>*Innjebrekt*. Men her er utgangspunktet *ng*, som regelmessig blir til *nnj* framom den lyse vokalen *e*. Aslak Bolt-jordeboka er rekna som ei påliteleg kjelde, men skrivevanane i boka burde granskast meir systematisk først for å bli sikrare på kva *ey* og *gn* kan representere av seinmiddelaldersk romsdalsk uttale. Den foreslegne forklaringa er ikkje opplagt.

### \*Raums/ Romsdalsfjorden

Namnet Romsdalsfjorden er tvitydig, for det kan gå på fjorden frå Vågstranda og inn til Åndalsnes, men òg på heile fjordbassenget frå sunnmørsgrensa og inn til dei tre fjordarmane. Me kjem tilbake til det.

Dette namnet vik av frå mange av mønstera me ventar å finne for namn. I gammalnorsk er *Raumsdalr* godt belagt med eksempel. Men me kan legge merke til at det gammalnorske fylkesnamnet var 'Romsdalingfylket', altså *Raumsdóla-fylki*. Kva dette kan komme av, skal me drøfte når me kjem til innhaldet i namnet. Først skal me sjå på den reint språklege forma.

Enklaste forklaringa har vore å kople namnet til elvanamnet *Rauma*. Men det

går i så fall ikkje heilt etter den norske og romsdalske grammatikken. For det første er Rauma eit ubøygd samansett namn og kjem av *Raumá*, altså 'Raum-elva'. Den lange á-en er tidleg forkorta til -a i trykklett staving, og denne utviklinga går att i ei mengd elvanamn i området, f.eks. Eira og Visa. At dette ikkje er ei bestemt form i hokjønn, ser me av at namna ikkje har dativformer; det heiter f.eks. ikkje at ein fiskar «i Raumen». Men litt problematisk er det at desse namna er uttalt med tonem 1; i ei slik samansetning utan binde-s skulle ein venta tonem 2. Me kan her la det vere eit uløyst problem, for det gjeld elvanamnet.<sup>28</sup>

Men fjordnamnet må ha noko med elvanamnet å gjere, og mest sannsynleg er det same rotordet *raum* som går att i begge, og slik liknar det mønsteret me såg i Aur-vassdraget, at ordrota blir brukt om att når det er tale om same rennande vatnet, og vatnet frå Rauma renn jo ut Romsdalsfjorden.

Ordrota *raum* er ein urgermansk variant av ordet *straum*. Det finst andre slike ordstammar med parallellformer i norsk, f.eks. *strand* og *rand*. Me ser at betydninga i parallellane er nær i slekt. Gruppa av dei tre konsonantane først i orda er nokså komplisert å uttale i eitt, og ikkje alle språk godtek noko slikt. I eksempla her har altså st- falle vekk, slik at ein står att med berre r-en. Men berre s-en kan òg falle vekk, og namnet Troms blir derfor òg tolka som ein opphavleg, men forenkla *straum*-variant. Betydninga må vere ei beskriving av straumen i elva og i Romsdalsfjorden, og av straumane kring Tromsøya.

Ei slik namnetolking er nokså sannsynleg. Brukt om elva, er det opplagt, for Rauma er faktisk svært vassførande. Det same er forresten Eira òg, som sender ferskvatnet ut Eresfjorden og Langfjorden. Før dei moderne reguleringane førte Rauma 41 m<sup>3</sup> i sekundet i snitt gjennom året, og Eira 39,2 m<sup>3</sup>.<sup>29</sup> Når vårflaumen kom, auka vassmengda sjølvsagt svært mykje over dette nivået. Til samanlikning fører Visa i Vistdalen med seg berre ein tidel av dette, og Tresså endå mindre. Dette elvavatnet som blir til brakkvatn i fjorden, utgjer så mykje at det kan vere merkande i fjorden som skal føre det ut i havet, og mest merkande er det i øvre sjølaget. I *Den norske lods* (i utgåva frå 1893, hefte 7 s. 121) står det f.eks. i beskrivinga av Romsdalsfjorden:

«Om Vaaren, naar Elvene ere store, sætter Strømmen ud Fjorden baade mod Flod og Ebbe. Den øvrige Del af Aaret sætter den med Pres af stærk, vestlig Vind ind med Floden, men er forøvrigt som regel udgaaende, og kan naar den efter Vestenveir igjen skifter, sætte ud med opimod 2 Knobs Fart. I en Dybde av et Par Favne, og undertiden mindre, vil man ofte finde en Strøm, gaaende i modsat Retning af Overfladens.»

To knop er god gratis-fart å få for den som skal padle ut fjorden. Det er ein effekt som blir tydelegast på «høgresida» av fjorden – pga. jordrotasjonen – og slikt oppdaga båtfolk.<sup>30</sup> Ut frå dette kan ein tenkje seg at straumen i fjorden kan ha gitt grunnlag for å framheve det som eigenskap når ein gav han namn. Då er det meir enn berre argumentet med mønsteret me ser i f.eks. Aur-vassdraget, som tel her.

Den enklaste gjettinga om språkforma byggjer nok på ein tanke om at s-en i Romsdalen er ein binde-s, altså ein gammalnorsk genitivs-s, som er hekta på rota



2 når førsteleddet er på éi staving. Dermed får ein samansetninga *Raumsdalr* i gammalnorsk og nyare *Romsdal*, som har same tonegang som f.eks. *Måndal*, og i ingen av tilfella er det ein fuge-s. Det same gjeld sjølvstgått vidare ordlagingar som *raumsdølr* 'romsdaling'.

Den gammalnorske forma *Raumsdalr* med diftongen *au* blir utsett for «press» når språket i seinmiddelalderen begynner å omstrukturere seg med at vokalar framom konsonantsamband og lange konsonantar må vere korte. Då må *au* uttalast kort, og då «trivst» ikkje diftongane like godt. Dermed blir *au*-en i ein del tilfelle pressa til å bli monoftong, og her framom *m* går han over til *o*.<sup>31</sup> Dermed blir forma *Romsdal*, mens elvanamnet framdeles kan halde på *au*-en, for der var berre éin konsonant etter. Første skriftlege belegga med monoftong har me frå 1300-talet men dei lever jamsides med former med diftong då. Det kan òg føyast til at slik monoftongering er mindre sannsynleg der *s*-en er ein binde-*s*, for det heiter f.eks. *Straumsnes* med diftong. Dermed har me komme i mål med den grammatiske forklaringa av dette Romsdals-namnet.

Samansetninga *Raumsdalr* tek utgangspunkt i fjordnamnet med *s*, og ikkje i elvanamnet, som ikkje kan ha fuge-*s*, ettersom det er eit hokjønnsnamn, slik elvanamn normalt er. Namnet på dalen kring elva *Raum* burda vore *Raumardalr* med binde-*ar* i gammalnorsk, og det villa på moderne romsdalsk blitt til *Raumdalen* uttalt med tonem 2.<sup>32</sup> Det viktige her er at *Raumsdalr* ikkje kan vere dalen kring elva Rauma. Derimot kan det vere dalane kring fjorden *Raums*.

Her kjem dermed eit betydingsspørsmål inn: Har *Raumsdalr* vore eit namn som først og fremst blei brukt om heile landskapet kring fjordbassenget, som i dag òg ofte blir kalla Romsdalsfjorden, og at det altså ikkje var ein spesiell dal av dei mange dalane som var i tankane? Her er det relevant å minne om at fogderiet den gong det var fylke, heitte *Raumsdølafylki*. Der er det mange dalar som dølane kan komme frå. At dal-namnet omfattar ei samling dalar, har me fleire eksempel på: Hallingdal og Gudbrandsdalen er best kjent. Romsdalen kan føye seg inn der – sjølv om den geografiske parallelliteten ikkje er perfekt. At *Raumsdalr* er brukt om fjordbassenget med omland, har me òg eit godt eksempel på i *Heimskringla* i «Soga om Haraldssønene», der det er fortalt om Sigurd Slembe og Magnus Blinde seint på 1130-talet:

«Dei for med mannskapet sørover utafør Møre og heilt til Romsdalsmunningen. Der delte dei mannskapet mellom seg, og Sigurd Slembe for vest i havet same vinteren, men Magnus for til Opplanda og venta å få mykje mannskap, slik han òg fekk.»

Romsdalsmunningen (gammalnorsk: *Raumsdalsmynnit*) må her vere langt uti fjordbassenget, der Sigurd og Magnus skilte lag, for Magnus og mannskapet hans tok den tradisjonelle vegen inn gjennom heile fogderiet og opp dalen langs Rauma til Opplanda. Namneforma brukt om heile fogderiet ser me òg i dette sitatet frå 1430-åra: «i Øresfjorden i Rawmsdall».<sup>33</sup>

Dette kan ikkje bli anna enn gjettingar, men det får i alle fall dei grammatiske vilkåra på plass for å forstå utviklinga av namneformene, og den framdeles utbreidde tvitydigheita i både Romsdalen og Romsdalsfjorden gjev støtte for ein

faktisk historisk bakgrunn. Disse tvitydigheitene kan ha oppstått tidleg pga. likskapen mellom formene med og utan -s-.

### Forfjorden/Storfjorden

Fjorden mellom Molde og Vestnes er på kartet frå 1704 over Romsdals amt som Melkior Ramus (1656–1693) er opphavsmann til, kalla «Furrefiord». Originalen til kartet var nok laga på 1690-talet.<sup>34</sup> Han tolkar tydeleg førsteleddet i namnet som ordet for treslaget furu, som ytst i Romsdal mest er kalla <sup>2</sup>*fore*, lenger inn for <sup>2</sup>*fåre* og på sørsida av fjorden for <sup>2</sup>*føre*. Denne variasjonen går att i uttalen av dette fjordnamnet, og tilhøyrande namn som *Furneset* og *Fårøyna* (vestom Bolsøyna). Austigard har dokumentert at namnet var brukt i Midsund på slutten av 1900-talet, og då i forma *Forfjorden*.<sup>35</sup>

Dette namnet («Furrefiorden») er det òg amtmann Tønder brukar i 1743 i beskrivinga si av Romsdals amt<sup>36</sup>, og her går det fram at den femner om fjorden på nordsida av Bolsøyna, for han fortel kva fjordar Forfjorden går over i, og der nemner han Fannen, rettnok omtalt som «Osensfiord». Moldefjorden er ikkje nemnt i det heile i beskrivinga hans. Holsbøvåg opplyser at amtskartet frå 1870-åra òg fører opp «For Fj.» som namn synnom Tautrå.<sup>37</sup> Og A.B. Helland brukar namnet Forfjorden i det topografiske verket frå 1911.<sup>38</sup> Holsbøvåg nemner at ein har «mest av dette treslaget kring denne fjorden».

I dag er denne fjorden kalla Storfjorden, og det står på *Norgeskart.no*. Det høver godt på det viset at dette er det store fjordbassenget som samlar opp i seg vatnet som kjem ut frå tre hovedarmar lengre inne. Men ein kan legge merke til at mellom Molde og Moldeholmane er namnet Moldefjorden no ført opp på *Norgeskart.no*. Kor gammalt det namnet er, er ikkje avklart. Garden Molde var nokså beskjeden før kongen på 1600-talet gjekk inn for å etablere ein stad for å krevje inn toll på tømmereksporten.

### Midfjorden

Midfjorden er ytste delen av Romsdalsbassenget, og namnet må koplast til Midøyna, altså øya i midten. Øya heiter på sunnmørsk *Miå*, dvs. eit namn som er svakt hokjønn og må komme av *Miðja* på gammalnorsk og vere laga på adjektivet *miðr*. Det var adjektiv i gammalnorsk og kunne lett brukast som førsteledd i namn likeins som f.eks. adjektivet *lang-*, som me har allereie sett på. Som adjektiv har dette ordet dauda ut, men adverbet *midt* er opphavleg inkjekjønnsforma av det, og den forma har overlevd.

### Julsundet

Dette er òg ein fjord, for det er eigentleg tale om ei lengre strekning enn det me normalt legg i substantivet sund. All båttrafikk nordover frå Romsdalsfjorden (i vid betydning) går igjennom her.

Namnet er oppført som utolka i *Norsk stadnamnleksikon*, men eg skal her legge fram eit forslag til opphavleg betydning og form.



Utstnitt av sjøkart frå ytre Romsdal frå 1788, teikna av Niels Andreas Wibe. Kjelde: Kartverket.

Det er muleg å kople dette namnet til ei indoeuropeisk ordrot *\*geul*,<sup>39</sup> som på gammalnorsk gjev forma *gjól*. Dei indoeuropeiske ordlagingsmønstra gjekk ofte ut på at ein skifta ut vokalane og lét konsonantane stå, slik me i prinsippet framdeles gjer i bøyinga av sterke verb. Denne ordrota gjekk inn i mønsteret som me på gammalnorsk kan skrive *jó – ý – au – u/o*, som er det me òg finn i andre klassen av sterke verb, f.eks. i den (eldre) nynorske bøyinga *skjota – skyt – skaut – skote*.

Den opphavlege betydninga av denne ordrota – altså med variantane *gjól – gýl – gaul – gol-* på gammalnorsk – ser ut til å vere 'opning med vind gjennom' når me summerer opp dei orda og namna som kan koplast til rota. Det er ikkje så underleg at det meteorologiske 'vind' kjem inn, for opplevinga av og erfaringa med naturen var viktig for forfedrane som kom oppover langs kysten i små skinnbåtar.

Den gammalnorske forma *gjól* gjev forma *juL* på romsdalsk fordi *jó* blir forandra til *ju* framom tjukk l. Me ser det same i rimorda *jól, hjól, skjól*, som blir til dei moderne orda *jul, hjul* og *skjul*. Dermed ser me at *gjól* gjev oss det me leitar etter: ei form som både har utvikla seg i tråd med reglane i dialekten, og som har ei betydning som passar på landskapet. Gjennom Julsundet pressar vinden, vêret og straumen seg igjennom opet mellom fjella. Derfor kunne fjorden kallast *Gjól*.

For å underbygge det opphavlege innhaldet i den aktuelle ordrota, kan me sjå på nært beslekta ord av same rota, dvs. ordslektningar som koplpar seg saman i variantar med dei varierende ordstammene: *gjól – gýl – gaul – gul/gol*.

Ordstammen *gjól* ligg truleg til grunn for eit middelaldersk bygdenamn i Skedsmo i Akershus: *Gjóleið*.<sup>40</sup> Same stammen finn me òg i det islandske substantivet *gjóla* med synonymet *gola*, og begge betyr 'lett bris', og det tilhøyrande adjektivet heiter *gjólinn*, men det viser helst til kvassare vind enn lett bris.

Ordstammen *gul/gol* finn me i det alt nemnte islandske *gola*, som på norsk heiter *gul(e)*, *gaul* eller *gola* (og *gøla*, jf. *Norsk Ordbok*). Det er hokjønnsord og betyr 'vindgust'. Færøysk har inkjekønnsordet *gul* om vinden og verbet *gula* om å blåse kring 3,4 til 5,4 meter i sekundet.<sup>41</sup> Leif Bjørn Vestad har med ordet *havgule* for 'solgangsbris' i den romsdalske ordboka si.<sup>42</sup> Stadnamnet *Gule* (i Hustadvika kommune) høyrer òg til her og kan koplast til vinden i det flate landskapet. *Gulen*, som finst som fjordnamn både i Sogn og Sunnfjord. Oddvar Nes koplart det til opning i landskapet, dvs. fjord med bratte sider.<sup>43</sup>

Ordstammen *gaul* har me alt nemnt som vindnemning i norsk. Betydninga 'eit gaul' om høg ulyd finst òg i islandsk og færøysk (i siste språket med den lydrette forma *geyl*). Den kan lett koplast til grunnbetydninga om luft som går gjennom ei opning, altså her gjennom strupe og munn. På islandsk kan dessutan dette ordet brukast om opning, og islandsk har i tillegg det beskrivande og forsterka adjektivet *gaulopinn*.

Ordstammen *gyl* må vere oppstått ved i-omlyd av *gjól*, og dermed må den forma ha oppstått før overgangen frå urnordisk til gammalnorsk. Her kjenner me att det nordmørske gards- og grendenamnet *Gyl*, som ligg ned mot Sunndalsfjorden i Tingvoll kommune. Interessant nok ligg bygda *Torjulvågen* på motsett side av halvøya, altså mot Halsafjorden/Trongfjorden, og mellom dei to stadane går eit eid. Igjen kjenner me att betydninga med opning i landskapet.

*Gyl* står oppført i Aslak Bolt-jordeboka: «af Gylom», og den forma står i dativ fleirtal. To gonger på 1500-talet kjem skrivemåtar med endinga *-e*,<sup>44</sup> før einstavingsformer tek over. Det siste kan vise at namneforma i dag er resultat av apokope. Alternativt er det ei eintalsform *Gýl*, som her har vunne fram på dette stadiet, og at skrivemåtane frå 1500-talet avspeglar dativforma *\*Gýli*.

Torjulvågen møter me i kjeldene i 1303 i noko som kan likne ei «opphavleg» og klassisk gammalnorsk form: «i Talgylum»,<sup>45</sup> og her ser me tydeleg likskapen med namnet på hi sida av eidet.

Her kan altså *gjól* gje oss mangt som høver i både språkform og betydning for Julsundet. Det usamansette namnet *Gjól* må nok ha gått på fjorden (som ved eit seinare høve har fått tillagt *-sund*). At ein har *Julbøen*, som betyr 'garden ved *Jul*', og *Julneset* og *Julholmen* høver òg godt med at det er eit fjordnamn som er utgangspunktet. Namnet *Julaksla* om fjellet austom sundet skal vere av nyare dato, meiner Holsbøvåg.<sup>46</sup>

Frænen/Frænfjorden

<sup>2</sup>*Frënj* har vore brukt som namn på fjorden i usamansett form til langt opp på 1900-talet, slik som når ein gjekk med båt innpå <sup>2</sup>*Frënj*. Derfor er det aller mest



sannsynleg at namnet opphavleg er eit fjordnamn. Språkleg treng ein ikkje gå så svært langt tilbake for at det namnet skal bli begripeleg.

Namnet er eit svakt hankjønnsord, og det vil seie at dativforma er <sup>2</sup>*Frenå*. Den tida namna var mest i ubestemt form, som i klassisk gammalnorsk, må det ha lydd *Fræni*. Den gammalnorske æ-en fekk på 1400-talet uttalen trong e i romsdalsk, slik som når gammalnorsk *læra* 'lære' blei til romsdalsk <sup>2</sup>*lere*, og dermed blei namnet nødvendigvis uttalt <sup>2</sup>*Freninj* i dialekten vår. Så lenge det overordna prinsippet er å tilpasse skrivemåten til det historiske opphavet, må namnet skrivast med æ på kartet.

Den mest sannsynlege forklaringa på namnet får ein med å ta utgangspunkt i det gammalnorske adjektivet *fránn*, som me kjenner att i f.eks. namnet på den mytologiske Frånarormen, som var glatt og skinande. Fjordnamn er i regelen hankjønnsord, og aller oftast svake, slik som i dette tilfellet. Når eit slikt namn skulle lagast, var det naturleg at det fekk i-omlyd, dvs. at den gammalnorske á-en blei til æ, og dermed får ein forma *Fræni*, slik som når adjektivet *våt* gjev utgangspunkt for substantivet *væte*, uttalt <sup>2</sup>*vete* på romsdalsk. Det ville vere svært nærliggande å tenkje seg at det i utgangspunktet var den greina me kallar Malmefjorden, som har inspirert mest til dette namnet, for den ligg godt beskytta og blir ofte speglende blank.

Første gongen me møter namnet i dokument, er i 1412, då det er snakk om «Fræna athung»,<sup>47</sup> dvs. den administrative eininga 'Frænen åtting'. «Fræna» er her ei genitivsform av *Fræni*. I 1448 er det tale om «Freniafjordh».<sup>48</sup> Første belegget viser den venta gammalnorske vokalen æ, mens siste belegget har fått e, kanskje i samsvar med den nemnte uttaleforandringa frå æ til e. Men j-innskotet i *Frenia*- tyder på ein ustø eller ikkje-lokal skrivar, for dette namnet har neppe hatt slikt innskot, som forutset gammalnorsk kort staving framom; her er den stavinga lang. Rygh har rekonstruert gale den gammalnorske forma i *Norske Gaardnavne* og *Norske Fjordnavne*, og det kan vere ein grunn til at han ikkje har komme med forslag til betyding.

### Misfjorden og Riksfjorden

Her har det knapt vore tale eigentleg fjordar. Misfjorden ligg nær Flatevågen i Vestnes. Namnet gjeld berre garden på sørsida av denne vågen. At me manglar sjølve fjorden, er det same for *Riksfjorden*. Der heiter næraste bukta Nerbøvågen. I siste tilfellet er namnet i ubestemt form på Norgeskart.no, mens det første står i bestemt form.

Begge desse namna har uklårt opphav, og ettersom det ikkje er tale om namn på faktiske fjordar, skal me la dei henge att utan avklaring.

### Alder

Kor gamle namna kan vere, er vanskeleg å slå nøyaktig fast. For eksempel kan *Julsundet* vere både frå steinalderen og gammalnorsk tid, for lite avslører alderen ut over at det føyer seg godt inn i gammal grammatikk og gamle ordrøter, men

desse ordrøtene levde frå indoeuropeisk til og med gammalnorsk. I og med at ein reknar med at indoeuropearane var dei som utvikla utbreidde jordbrukskulturen, kan dét utnyttast noko i tidfestinga. Arkeologar kan no fortelje at det var jordbrukskultur i Norge allereie i yngre steinalder (minst 1800 f.Kr.), og då kan eldste namna altså gå så langt tilbake.

Ein kan godt tenkje seg at *Forfjorden/Furefjorden* hadde ei usamansett form i utgangspunktet, og at den var laga på substantivet 'furu'. Det substantivet lever i dag, og det kan ha levd her frå første tid indoeuropearar har vore i landet. Her er det lite ein kan avgrense tida med.

Sikraste dateringa i gamle namn får me når me kan slå fast kva tid den aktuelle ordstammen ikkje lenger var i bruk i språket. Då må namnet sjølv sagt vere eldre enn det tidspunktet. Viss andre språkdrag i namnet særpregar ein periode, er det òg ein god peikepinn. Dermed kan me slutt oss til dette:

I tilfelle ordstammen i namnet ikkje finst i gammalnorsk, er det ein sterk indikasjon på at namnet er frå før vikingtida. Det gjeld *Fannen*, men truleg òg *Revund* ettersom ei rimeleg betydning av *Rev-* ikkje finst i gammalnorsk. Både *Fannen* og \**Øyrir* har suffiks (dvs. endingane *-n* og *-ir*) som truleg er frå urgermansk tid. Stammeutvidingar på *-s-* (som i *Raum-s-dalr*) reknar ein òg som typisk for denne tida, altså tusenåret f.Kr.

Er namnet laga med i-omlyd (som *Fræni*), må det vere frå før 700, for etter den tid slutta den omlyden å virke.

Denne vandringa i namnehistoria viser oss godt at me må dra eit langt historisk perspektiv i fjordnamna, og dei gjev oss ein innfallsvinkel til å forstå korleis dei eldste talarane av språket vårt, opplevde landet.

### Lydskrifta:

Dei heva sifra <sup>1</sup> og <sup>2</sup> fortel om ordet er uttalt med tonem 1 eller 2. Talet står framom stavinga som har trykk.

'n – ein n som har så mykje tone at han utgjør ei eiga staving, jf. *vat'n*, der altså 'n er eiga staving.

š – lyden som er normaluttalen i romsdalsk for *sj*, som i sjø.

*nnj* og *nj* - ein n-lyd med j-klang, som i romsdalsk uttale av *mann*.

*ŋ* – den vanlege ng-uttalen, som i *tang*, og altså ikkje som i *tango*.

L – tjukk l

ε - ein open e-lyd, dvs. uttalt mellom e og æ.

### Litteratur

AB = *Aslak Bolts jordebok*. Utgitt ved Jon Gunnar Jørgensen. Oslo: Riksarkivet 1997.

Austigard, Bjørn. 2020. *Sett og samla. Smått og stort frå romsdalsk kulturhistorie*. Molde: Romsdal sogelag.

*Den norske Lods 7. Fra Aalesund til Bejan og Trondhjem, samt til Kvalø paa Smø lens Vestside*. Kristiania: Den geografiske Opmaaling.

DN = *Diplomatarium Norvegicum I–XXII*. Kristiania/Oslo: P.T. Mallings Forlagshandel, 1847–1995.

Helland, Amund B. 1911. *Norges land og folk XV,2. Topografisk-statistisk beskrivelse over Romsdals Amt. Byerne og herrederne*. Kristiania: Aschehoug.

- Holsbøvåg, Kåre Magne. 2010. *Stadnamn i Molde kommune*. Molde: Romsdal sogelag.
- Jón Hilmar Magnússon. 2005. *Íslensk-færeysk orðabók*. Reykjavík: Hið íslenska bókmenn-  
tafélag.
- Nes, Oddvar. 1971. Den germ. rota \*geul- i ein del stadnamn. I: Hallvard Magerøy & Kjell  
Venås, *Mål og namn. Studiar i nordisk mål- og namnegransking*. [Heidersskrift til Olav T.  
Beito, 70 år.] S. 206–214.
- Norge i 1743 = Norge i 1743. Innberetninger som svar på 43 spørsmål fra Danske Kanselli  
5. Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag, Nordland, Troms*. Utgitt ved Riksar-  
kivet og Gerd Mordt. Oslo: Solum.
- Norsk Ordbok. Ordboka over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. 1-12*. Oslo:  
Samlaget.
- Norske Regnskaber og Jordebøger fra det 16de Aarhundrede 2*. Utg. ved H.J. Huidtfeldt-Kaas.  
Kristiania: Det norske historiske Kjeldeskriftfond 1906.
- OE = *Olav Engelbrektsøns Jordebog*. Utg. ved Chr. Brinchmann & Johan Agerholt. Oslo:  
Norges Rigsarkiv 1926. – Jordeboka er skriven kring 1530.
- Rygh, Oluf. 1896. Norske Fjordnavne. I: *Sproglig-historiske Studier tilegnede Professor C.R.  
Unger*, 30–86. Kristiania: Aschehoug.
- Rygh, Oluf. 1904. *Norske Elvenavne*. Kristiania: Cammermeyer.
- Rygh, Oluf. 1908. *Norske Gaardnavne XIII. Romsdals Amt*. Kristiania: Fabritius.
- Sandøy, Helge. 2011. *Romsdalsk språkhistorie. Frå runer til sams – og vel så det*. Oslo: No-  
vus.
- Sandøy, Helge. 2022. «Kartografen frå Gossa» og «Romsdal i 1704». I: *Romsdals Budstikke  
18. september s. 42 og 16. okobert 2021, s. 40*.
- Schnitler, Hans Peter. 1974. *Beskrivelse over Romsdals Fogderie 1768 og 1789*. Innleiing av  
Bjørn Austgard. Molde: Romsdal Sogelag.
- Vestad, Leif Bjørn. 2009. *Ord og uttrykk frå ytre Romsdal. Aukra – Fræna – Midsund – Sandøy*.  
Molde: Skrift og tale.

## Notar

- <sup>1</sup> Schnitler 1974: 23.
- <sup>2</sup> På kartet står det «Karlsøya», men Kåre Magne Holsbøvåg (2010) opplyser at uttalen er  
<sup>2</sup>*Kašæna* slik at etymologien tilseier at førsteleddet er substantivet *kalv* (eller manns-  
namnet *Kalv*).
- <sup>3</sup> Holsbøvåg 2010: 80.
- <sup>4</sup> Først nemnt i AB: 132A.
- <sup>5</sup> DN XII, 832.
- <sup>6</sup> Holsbøvåg 2010: 80.
- <sup>7</sup> Rygh 1896: 55f. og 1904: 46.
- <sup>8</sup> Me held oss her til begrepet klassisk gammalnorsk, som er den versjonen av norrønt  
som blei brukt i Norge. Derfor skriv me øy og ikkje ey, som er den normerte norrøn-skri-  
vemåten, som byggjer mest på islandsk uttale.
- <sup>9</sup> DN I, 282.
- <sup>10</sup> DN III 259.
- <sup>11</sup> DN III, 305.
- <sup>12</sup> DN III, 491.
- <sup>13</sup> AB 122A.

- <sup>14</sup> AB 129A.
- <sup>15</sup> DN XI, 228.
- <sup>16</sup> OE s. 6.
- <sup>17</sup> NRJ II s. 88.
- <sup>18</sup> I-omlyden skjer på slutten av urnordisk tid ved at i-ar påvirkar ein vokal framom til å bli uttalt lenger framme og oppe i munnhola. Dermed f.eks. á til aé, au til øy og jó til ý.
- <sup>19</sup> Jamfør sitatet «innmed Auren» i Austigard 2020: 229.
- <sup>20</sup> Jamfør Sandøy 2011: 35, 175f.
- <sup>21</sup> NRJ 1521.
- <sup>22</sup> OE 8.
- <sup>23</sup> NRJ II 90.
- <sup>24</sup> DN IV, 805.
- <sup>25</sup> NG XIII: 252f.
- <sup>26</sup> Rygh 1908: 249, 470.
- <sup>27</sup> AB 124A og AB 125A.
- <sup>28</sup> Bjørn Austigard har muntleg uttrykt at dei fleste av desse elvanamna dukkar opp nokså seint, mange først på 1900-talet, og at ein bør vere open for at dei kan vere nyare restitusjonar.
- <sup>29</sup> Opplysningar frå Steinar Sandøy i Miljødirektoratet.
- <sup>30</sup> Opplysning frå Svein Sundby ved Havforskningsinstituttet.
- <sup>31</sup> Det same gjeld i preteritum av 'komme', som mange uttalar *komm*, og ein høyrer det same av og til framom *η*, som i <sup>2</sup>*monηe* 'mange' hos mange i og utafor Romsdal.
- <sup>32</sup> Denne namneforma er brukt i f.eks. ein boktittel, men då ho er nylaga.
- <sup>33</sup> AB 129A.
- <sup>34</sup> Sandøy 2021.
- <sup>35</sup> Austigard 2020: 104.
- <sup>36</sup> *Norge i 1743*: 26.
- <sup>37</sup> Holsbøvåg 2010: 27.
- <sup>38</sup> Helland 1911: 606 og 608.
- <sup>39</sup> Jamfør Nes 1971.
- <sup>40</sup> NG 2: 283.
- <sup>41</sup> Jón Hilmar Magnússon 2005: 244.
- <sup>42</sup> Vestad 2009.
- <sup>43</sup> Nes 1971.
- <sup>44</sup> NRJ II 60 og OE 37.
- <sup>45</sup> DN II, 59, 62.
- <sup>46</sup> Holsbøvåg 2010: 16.
- <sup>47</sup> DN X, 92.
- <sup>48</sup> DN III, 578.